



Miljødirektoratet
Postboks 5672 Torgarden
7485 TRONDHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Vi tilrår vern av Loftesnes som naturreservat i Sogndal kommune i Vestland fylke

Statsforvaltaren i Vestland tilrår frivillig skogvern av Loftesnes i Sogndal kommune. Arealet dekkjer ein gradient frå lågareliggjande område med rik edellauvskog til høgareliggjande areal med furuskog langs eit vestvendt berg i indre Sogn. Det er registrert både levande og døde store, gamle lindetre med grove dimensjonar. Andre edle lauvtre som hassel, alm, ask og svartor veks i området, og osp og bjørk er særleg grove og har høg alder. Dei gamle trea har gode førekomstar av sopp-, mose- og lav, og det er stort potensiale for funn av truga, sjeldne og sårbare artar. Loftesnes er vurdert å ha verdi A, som er svært viktig og har nasjonal verdi, og vil med dette bidra til å oppfylle viktige manglar i skogvernet i Vestland.

Tilbudsområdet på Loftesnes er lokalisert på gards- og bruksnummer 1/12, 2/2, 2/5, 2/6 og 2/11 i Sogndal kommune. Arealet er eigd av private grunneigarar. Arealet har ein storleik på 623 dekar.

Heimelsgrunnlag

Loftesnes blir tilrådd verna i medhald av naturmangfaldlova. I lova er det gitt heimel for oppretting av ulike vernekategoriar i §§ 35 til 39. Generelle mål for områdevern følger av naturmangfaldlova § 33. Føremålet med det enkelte verneområdet må bli skildra konkret og bli knytt opp mot forskrifta som gjeld den enkelte vernekategori i §§ 36 og 37. Naturreservat er den strengaste forma for vern etter naturmangfaldlova.

Oppretting av Loftesnes som naturreservat blir vedteke av Kongen i statsråd etter naturmangfaldlova § 37 a: *Som naturreservat kan vernes områder som a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur (...) I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet. (...)*

Saksbehandling

Loftesnes vart første gang registrert i Naturbasen i samband med naturtypekartlegginga for Sogndal kommune i 2000 og er vurdert til å ha nasjonal verdi (A-lokalitet).



| Namn | Tilbod | Oppstart | Høyring | Tilråding |
|-----------|------------|------------|------------|------------|
| Loftesnes | 10.09.2020 | 01.02.2021 | 09.04.2021 | 24.06.2021 |

I tillegg til utsending av oppstarts - og høyringsdokument direkte til aktuelle høyringsinstansar, er både oppstart og høyring kunngjort i Sogn Avis og Porten, i tillegg til nettstaden til Statsforvaltaren i Vestland. Det er Norskog som har hatt dialogen med Fylkesmannen, seinare Statsforvaltaren, på vegner av grunneigarane.

Namn

Området har hatt namnet Loftesnes sidan starten av dialogen og grunneigarane støttar namnet. I oppstartsfasen tilrådde Språkrådet å endre namnet til Loftesnes og Kjørnes naturreservat. Vi tilrår likevel namnet *Loftesnes naturreservat*. Meir om dette under kapittelet Merknadar til verneforslaget.



Figur 1 Lind er eit varmekjært edellauvtre og trivst berre i avgrensa, varme lommer i fylket. Vikingane brukte treet for å lage skjold grunna gode eigenskapar som låg vekt og fordi det er lett å skave i. Lind er ein viktig levestad for biomangfald og særleg insekt, - kanskje av same grunn?

Brukarinteresser

Det er beite frå husdyr i den lågareliggjande delen av det foreslegne naturreservatet. Forskrifta opnar for beiting med beitedyr, samt utplassering av saltstein i samband med dyrehaldet. Forskrifta har også ei opning for å kunne vedlikehalde gjerde, og kunne søkje om oppsetting av nye gjerde dersom det er aktuelt i samband med husdyrhald. Dersom beitedyr blir sjuke eller skadde kan ein få frakta ut disse frå naturreservatet med motoriserte hjelpemiddel. Det er ingen skogsbil- eller traktorveggar, og størstedelen av skogen er vanskeleg tilgjengeleg dersom skogbruk hadde vore eit aktuelt alternativ for grunneigarane. Området er definert som ikkje drivverdig skogbruksområde jf. høyringsinnspel frå kommunen.

Det er ikkje registrert kulturminne i området i offentlege databasar, men det utelukkar ikkje at det kan være kulturminne i området. Disse vil kunne bli sett i stand i samråd med kulturminnemynde. Det er ikkje reindrift eller samiske interesser i området.

Ein av grunneigarane fortel at det er ein brønn på hans eigedom, men at lokaliseringa er uviss. Han ønskjer å kunne vedlikehalde brønnen dersom den blir funne att. Forskrifta opnar for vedlikehald av eksisterande anlegg, som til dømes denne brønnen.



Vest for verneområdet går ei 22 kV kraftlinje. Vernegrensa er no tilpassa 7,5 meter aust for vernegrensa, slik at det er mogeleg for Sygnir å halde linja ved like jf. det klausulerte ryddebeltet. Forskrifta inkluderer standardformuleringar knytt til kraftlinjer av dette formatet, slik at det er mogeleg å halde den ved like, drifte og handsame akutte utfall.

Det er ei lita jaktbu øvst på Loftesnesfjellet aust i tilbodsområdet. Hytta er nokre tiår gamal, har enkel standard og er mest i bruk om hausten under hjortejakta. Det vil være mogeleg å vedlikehalde hytta innafor forskrifta. Det er ein del hjort i dei tilgjengelege delane av Loftesnes, men ikkje meir enn at det er observert forynging av typiske beiteplantar som rogn, osp og selje. Det er aktiv hjortejakt på heile halvøya. Forskrifta opnar for å frakte ut jaktutbyte med beltegåande terrengkøyretøy, og jakt og fangst kan generelt fortsette uavhengig av eit vern.



Figur 2 Loftesnes ligg eit steinkast frå Sogndal sentrum. Fordi det er så bratt er mindre areal i aktivt bruk i dag til jakt, beite og friluftsliv. Ein status som naturreservat vil ikkje redusere bruken av området til dette.


Når det gjeld anna friluftsliv er det meste av området bratt og utilgjengeleg, men ytterkantane er i bruk. Det er ein sti i det nordvestlege hjørnet av reservatet som er avmerkt på vernekartet, langs denne er det mogeleg å sykle og ri. På Loftesnesfjellet, i austre del av tilbodsområdet, er det nokre godt brukte bål plassar. Dit er det populært å gå frå Kjørnes eller frå Sogndal for å få utsyn over bygda. Området som er avmerkt Hesteggi, som går litt inn i det føreslegne verneområdet i aust, er verdisett som Svært viktig i kartlegginga av verdifulle friluftsområde. Det er opning i verneforskrifta for å brenne bål med nedfallskvist eller med medbragt ved. Når fossane er frosne i kuldeperiodar er det observert isklattring innanfor det tilrådde verneområdet. Kommunen meldte etter høyringsfristen at det er to startområde for luftsport nær den tilrådde vernegrensa, men vi har ikkje lukkast å få kartfesta disse.

Når det gjeld namn på verneområdet var det opphavlege arbeidsnamnet Loftesnes. Grunneigarane støtta namneforslaget, dei fleste av disse bur i grenda Loftesnes. I høgare delar av området ligg Loftesnesfjellet, og sør for det føreslegne området ligg ei anna grend, Kjørnes.

Det er eit pågåande arbeid med kommunedelplan for [området Loftesnes-Kaupanger](#) i samband med ny riksveg 5 (planområdet er markert med svart, stipla linje, sjå figur 3). Statens vegvesen planlegg



arbeidet ferdig i løpet av hausten 2021. Grunna dette arbeidet kan det bli forseinkingar i verneprosessen, og det kan også bli justeringar i avgrensinga på kart. Dette vil bli avklart undervegs i prosessen fram til kongeleg resolusjon.



Figur 3 Område for arbeidet med kommunedelplan for ny trase for riksveg 5. Skjermklypp frå Statens Vegvesen si side.

Endringar under behandlinga av verneplanen

Det har ikkje vore vesentlege grenseendringar i løpet av den formelle verneprosessen. Vi justerte grensa med ein marginal meter langs traseen til kraftlinja, slik at grensa går langs det klausulerte ryddebeltet på 7,5 meter frå mastepunktet til Sygnir. Statens vegvesen (SVV) ber om ei meir vesentleg justering av grensa der det kan være aktuelt med tunellpåhogg og sikringsone.

SVV ønskjer at verneprosessen stoppar opp inntil kommunedelplanen for området Loftesnes – Kaupanger er ferdig. Etter råd frå Miljødirektoratet har vi likevel jobba vidare, slik at verneprosessen og planarbeidet kan gå som tilnærma parallelle prosessar.

Etter innspel frå SVV om usikkerheit knytt til vegtrase og rassikringsone i samband med eit framtidig tunellpåhogg la vi til ei ny formulering i verneforskrifta etter høringa. *Naudsynt sikringsarbeid i samband med førebygging av skred og ras ned mot busetnad og veg* ligg no inne i tilrådd verneforskrift § 7 h, samt opning for motorferdsle i samband med slikt arbeid i § 7 i.

I oppstart og høring var formuleringa knytt til beiting i verneområde slik: *Beiting med eit beitebelegg som ikkje skadar verneverdiane*. Vi har endra dette til *Beiting*, i tråd med standard formulering for frivillig skogvernområde.

I oppstartsfasen vart det feilaktig opna for, i § 7 h, for motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 d (mobile jakttårn) og e (rydding av småbusk i samband med jakt). Dette vart, i høyringsfasen, retta



til motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 f (store rovdyr) og g (vedlikehald av anlegg og innretningar).

NVE gav innspel om at sjølv om vernegrensa ligg utanfor kraftlinja , så trengs ei opning i verneforskrifta for drift, vedlikehald og akutt utfall av linjenettet, samt motorisert ferdsle i samband med dette arbeidet. Vi har no lagt til opningar i verneforskrifta i samsvar med innspela og i tråd med standardformuleringane for kraftanlegg inntil verna område.

Verneformål og områdestatus

Føremålet med naturreservatet er å ta vare eit område med edellauskog med særleg betydning for biologisk mangfald i indre fjordstrøk. Området består av rasmark med rik edellauskog og frodig blandingslauvskog i låglandet der store, gamle lindetre og hassel dominerer, og furu veks høgare til fjells. Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i best mogleg tilstand, og at mangfaldet av artar og livsmiljøa deira skal få utvikle seg mest mogleg naturleg.

Arealet inngår som landbruks, natur- og friluftsliv (LNFR) i gjeldande kommuneplan. Statens Vegvesen har eit pågåande arbeid med kommunedelplan for ny riksveg mellom Loftesnes og Kaupanger, og denne er ikkje sendt på høyring enno. Endeleg vegtrasé er ikkje fastsett. Meir om dette under Merknadar til verneforslaget.

Forvaltning, økonomiske og administrative konsekvensar

Det er enkelte, små bestandar av gran i det tilrådde naturreservatet, og ei begynnande spreieing av frøplantar. Vi kan likevel ikkje sjå at det er knytt store utgifter til fjerning/ringbarking av disse. Utgangspunktet for å oppretthalde verneverdiane i det tilrådde verneområdet er at skogen skal få utvikle seg utan nemneverdig skjøtsel.

Det vil vere eit ordinært oppsyn i området i regi av Statens naturoppsyn (SNO). Forvaltningsstyresmakta må sørge for tilgjengelege ressursar for administrasjon av området, til dømes ved handsaming av dispensasjonssaker og oppfølging av naturoppsynet.

Merknader til verneforslaget

Oppstart og høyringsbrev for verneområdet er sendt til relevante sentrale og lokale partar, sjå adresseliste bak i dette brevet. I tillegg til utsending av oppstart - og høyringsdokument direkte til aktuelle høyringsinstansar, er både [oppstart](#) og [høyring](#) presentert på nettstaden til Statsforvaltaren i Vestland, og kunngjort i Sogn Avis og i Porten.

Oppstart vart meldt 1. februar 2021, og høyringa vart lagt ut den 9. april 2021. Det kom inn totalt 13 uttaler til verneforslaget innan fristane, og i tillegg kom eitt etter høyringsfristen. Vi har valt å inkludere innspelet som kom etter fristen i dette dokumentet. Ingen av desse har vore direkte kritiske til vern, men det har komme innspel til progresjonen i verneprosessen og til endring av vernegrensa.

Språkrådet sendte innspel til oss i oppstartsfasen. Dei tilrår heller å nytte namnet *Loftesnes og Kjørnes naturreservat* framfor berre å bruke Loftesnes. Språkrådet meiner dette fordi det føreslegne vernearealet også ligg på garden Kjørnes.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Arealet ligg under Loftesnesfjellet, og dei fleste grunneigarane bur i grenda Loftesnes der mange heiter Loftesnes som etternamn. For ein lokal person vil det føreslegne området bli oppfatta som ein del av Loftesnes. Kjørnes er ein gard som ligg lengre vekk frå kjerneområdet (meir marginalt), og



visuelt ligg Kjørnes åtskilt frå det folk oppfattar som Loftesnes. Å bruke to stadnamn (Loftesnes og Kjørnes naturreservat) i namnsettinga av dette verneområdet kan også bli opplevd som litt langt og tungt å seie. Vi er difor ueinige med Språkrådet i deira innspel, og tilrår *Loftesnes naturreservat* som namn.



Figur 4 Grunneigarane langs Loftesnes og Hagalandet har tilbydd store delar av det bratte partiet på biletet til frivillig skogvern. Området strekk seg frå oversida av kraftlinja og opp mot fjellet. Kjørnes ligg på neset til høgre og bakover utanfor biletet.

Landbruksdirektoratet gav nokre generelle innspel til oppstartsfasen. Dei ber om at landbruks- og reindriftsfaglege interesser blir teke omsyn til i utforminga av verneforskrifta, og at høyringsdokumentet greier ut kva interessert det er i området. Dei går også ut i frå at landbruksfagleg kompetanse blir involvert i forskrift og verneplan, samt den lokale landbruksforvaltninga.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi meiner at dei generelle innspela frå Landbruksdirektoratet allereie er ivareteke i den framlagde forskrifta som er utarbeidd i dialog med grunneigarane. Brukarinteressene er elles greidd ut i dette brevet.

Forsvarsbygg skriv i brev datert den 11. februar 2021 og i brev datert 07.05.2021 at dei ikkje ser konflikhtar med det føreslegne verneområdet, og registrerer at dei generelle unntaka frå ferdselsreglane inkluderer omsynet til militær operativ verksemd og landing og start med forsvarets luftfartøy.

Statnett skriv i e-post datert den 12. februar 2021 at dei ikkje har merknadar til oppstarten av verneprosessen.

Direktoratet for mineralforvaltning skriv brev både i oppstarts- og i høyringsfasen at dei ikkje kan sjå at det føreslegne verneområdet kan få følgjer for viktige førekomstar av mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift. Det er registrert ein liten grusførekomst nord for det føreslegne verneområdet som har «liten betydning». Dei har ingen merknadar til verneframlegget.

Norsk Bergindustri skriv i høyringsfasen at det er svært viktig at ei verneforskrift tek omsyn til framtidige mogelege geologiske drivverdige førekomstar. Dei vil at §§ 4, 6-8 tek omsyn til utvinning og tilkomst til eit eventuelt utvinningsområde.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Vi meiner at mineralutvinning med tilkomst ikkje er i tråd med verneføremålet eller i samsvar med verneforskrifta, og vil ikkje tilrå dette i eit naturreservat som Loftesnes.



Rut og Erik Roar Loftesnes har innspel datert den 27. februar 2021 til oppstartsfasen av verneprosessen. Dei bur på gnr. 2 bnr. 1, og er naboar i nord til det føreslegne verneområdet. Dei syner til NVE Rapport nr. 35 – 2017 Skredfarekartlegging i Sogndal kommune, der det meste av deira eigedom vest for vegen er skravert raudt og difor har byggjeforbod. Dersom dei vil planleggje utbygging av innmarka i dette området er den einaste mogelegheita, skriv dei, å lage ein stor rasvoll. Ein rasvoll vil kunne sikre eventuelle nye bustadar i framtida, og dei peikar på at det vil bli for kostbart å frakte stein til eit slikt anleggsarbeid frå andre stadar. Dei vil då ønskje å ta ut stein utanfor langs den nordlege grensa for det føreslegne naturreservatet.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Med frivillig vern er det berre dei grunneigarane som ønskjer å verne sin eigedom til naturreservat som tilbyr areal til dette føremålet. Rut og Erik Roar Loftesnes ønskjer å ha mogelegheit for å utvikle eigedommen sin til utbyggingsføremål, og det er kommunen som er planstyresmakt for slike prosessar. Vi hadde sett fordelene av å ha ein buffer til verneområdet i nord, men det er likevel den som sit med eigedomsretten som har mynde over sin eigedom. Dersom det viser seg at det blir vanskeleg og dyrt å utvikle eigedommen til bustadføremål slik Rut og Erik Roar Loftesnes ønskjer, vil vi gjerne ha dialog dersom frivillig skogvern er ein alternativ måte dei kan realisere verdien til skogen sin på eit seinare tidspunkt.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) bad under oppstartsfasen om at standardformuleringane for nettanlegg vart inkludert i verneforskrifta. Fordi det går ei 22 kV linje nedanfor det føreslegne verneområdet, bør også verneforskrifta ta høgde for dette. NVE ønskja at forskrifta inkluderte ei opning for drift og vedlikehald, samt istandsetjing ved akutt utfall på anlegget. NVE var positive til at vernegrensa vart flytta vekk frå nettlinja, men at det likevel var naudsynt å ha standardopning for kraft- og energianlegg i forskrifta. Dei skriv også at Sognekraft Nett har skifta namn til Sygnir AS og bad om at disse vart inkludert på høyringslista.

Under høyringsfasen skriv NVE at dei er positive til at Statsforvaltaren inkluderte unntak i verneforskrifta om drift og drift og vedlikehald, og istandsetting i § 4 i verneforskrifta, i tillegg til opning for motorferdsel i samband med drift og vedlikehald og akutt utfall i § 6 og 7. NVE ber om ei lita justering i § 4 slik at den skal lyde: *Drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet*. NVE skriv at forskrifta manglar opning knytt til oppgradering av kraft- og energianlegg i § 4 og 7. Dei ber i tillegg Statsforvaltaren om å opprette dialog med Sygnir AS slik at nettselskapet kan vurdere om det er behov for vilkår knytt til oppgradering.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi la til følgjande formulering før høyring i § 4 k) *Drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg inntil verneområdet*. Vi brukte formuleringa *inntil verneområdet* fordi kraftlinja går fleire meter frå ytre austre kant på linja. NVE ønskjer at vi brukar formuleringa *i og inntil verneområdet*, og vi har ingen prinsipielle motførestillingar til dette sjølv om vi planmessig la grensa med avstand til linjetraseen. Grunna topografien og tilkomsten går vi ut i frå at området utanfor vernegrensa er tilstrekkeleg for drift og vedlikehald av linja, og i praksis meiner vi at dette ikkje har store verknaden på verneverdiane.

Sognekraft er på høyringslista, og Sygnir AS har også fått oversendt verneplanen. Dei har same adresse/postmottak og nyttar inntil vidare begge adresser. Vi ser at NVE også har sett Sygnir AS som kopimottakar på deira innspel til Statsforvaltaren. Vi trakk vernegrensa overkant av linja med sikte på å unngå konflikt med energiinteressene. Sygnir AS har ikkje planar om oppgradering av linja. Dei skriv i e-post datert 16.06.2021 at *Sygnir har ikkje planar om oppgradering eller endring på 22 kv*



høgspenlinja i det aktuelle området. Vernegrensa bør ligge 7,5 meter frå senterlinje(midtarste leidningen/fasen) i linjetraseen, då klausulert ryddebelt er 15 meter(2 X 7,5 meter frå senterlinje). Etter nærmare målingar har vernegrensa, i oppstarts- og høyringsfasen, gått 6,5 meter frå midtpunktet av linja. Vi justerer denne grensa ein meter i tilrådinga til Miljødirektoratet, slik at vernegrensa går 7,5 meter frå mastepunktet, for å følgje opp innspelet frå Sygnir. Endringa blir ikkje synleg på vernekartet, men vil være tydeleg når verneområdet blir offisielt i Naturbase. Vi inkluderer ikkje opning for oppgradering av kraft- og energianlegg i verneforskrifta, og ser at det er best for verneføremålet om ei eventuell framtidig oppgradering vil gå føre seg på vestsida (i nedre kant) av linja og ikkje innover i naturreservatet.

Statens vegvesen skriv i uttale til oppstartsmeldinga at opprettinga av Loftesnes naturreservat vil komme i konflikt med alternativ i det pågåande arbeidet med kommunedelplan for riksveg 5 mellom Loftesnes og Kaupanger. Dei krev at prosessen for frivillig skogvern kjem etter at kommunedelplanen er vedteken, slik at ein ikkje råkar ved kommunedelplanarbeidet. Dei har ikkje landa på kva alternativ til vegtrasé dei skal velgje, og detaljane knytt til dei ulike alternativa er heller ikkje endeleg vurdert. Det vil i tillegg komme ei bandleggingssone i samband med det alternativet som vert vedteke.

Statens vegvesen (SVV) og Statsforvaltaren hadde eit møte i førekant av høyringsfristen, og SVV følgde opp med innspel i brevs form. Til høyringsfasen skriv SVV at fordi storleik og omfang av påhogg og tunnelportal ikkje er detaljplanlagt kan det være ein potensiell konflikt med avgrensinga for verneområdet, og skriv følgjande: *Lengda på forskjæringa er avhengig av kvaliteten på fjellet. Dette er derfor usikkert fram til påhogg er etablert. Det vil vere behov for eit anleggsbelt rundt tunnelpåhogget. Vi kan ikkje vere sikre på at anleggsbeltet ikkje kjem innanfor verneområdet som er foreslått. Det er og usikkert kva vegalternativ som blir vedteke. Det kan vere behov for skredsikringstiltak ved tunnelportal. Det er usikkert kor dette må oppførast, og om det går inn i foreslått grense verneområdet.* SVV skriv vidare at tunellen skal ha ei omsynssone under bakken på 50 meters breidde og 30 meters høgde for å sikre mot inngrep i tunellen, samt ei byggjegrænse på 50 meter frå vegens midtlinje, og at disse to krava ikkje vil komme i konflikt med verneområdet.

Statens vegvesen har som mål å få kommunedelplan for Kaupanger-Loftesnes vedteken i løpet av hausten 2021 og at kommunedelplanarbeidet må verte førande for det frivillige skogvernet. Vegvesenet skriv og at strekninga er ikkje omtalt i ny Nasjonal Transportplan (NTP) for perioden 2022-2033, og er med det ikkje aktuell for byggestart før tidlegast i 2034.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Nedbygging av areal vert rekna som det største trugsmålet som biologisk mangfald i vår tid, og det er ikkje uvanleg med planprosessar der moglege framtidige veg- eller jernbanetrasear kjem i konflikt med naturvernarbeid. Det kan ta lang tid før kommunedelplanen er vedteke og finansieringa til vegarbeidet er på plass. Grunneigarane som har tilbydd delar av eigedommane sine til skogvern vil få mindre erstatning dersom vi reduserer arealet til vern. Dersom det om nokre år, og planen er ferdig, viser seg at SVV ikkje treng å bruke denne A-naturtypelokaliteten til tunell og sikring, vil det såleis gå mest ut over grunneigarane og naturverdiane om vi trekk areal ut på dette tidspunktet. Fordi det er nasjonale verneverdiar i tilbodsområdet forventar vi at SVV også vil leggje omsynet til naturtypen til grunn i si vurdering av dei ulike vegtraséalternativa jf. naturmangfaldslova § 12.

I tilfelle det ikkje kjem tunellpåhogg og anleggsarbeid innanfor verneområdet, men likevel trengs sikring mot skred og ras, så har vi lagt inn ein ekstra formulering i § 7 h) i forskrifta om at *Naudsynt sikringsarbeid i samband med førebygging av skred og ras ned mot busetnad og veg samt motorisert ferdsløse i § 7 i) i samband med dette.*



Vi tek likevel høgde for at det kan komme justeringar i både avgrensing av verneområdet og i framdrift etter at vernesaka blir sendt til Miljødirektoratet.

Sogndal kommune leverte innspel sju dagar etter høyringsfristen. Kommunen er positive til at Loftesnes naturreservat kan vere eit godt bidrag til å nå måla om 10 % skogvern i landet. Kommunen ønskjer at friluftaktivitet i området blir teke omsyn til og at eksisterande stiar kan bli helde opne og at det er opning for naudsynt skogrydding også på utsiktspunkt. Dette gjeld i tillegg to startområde for luftsportsaktivitet utanfor grensa. Vidare står det i innspelet at området nedanfor Jeskedalen har flotte kvalitetar og det bør vere mogeleg å kunne setje opp t.d. benkar i naturmateriale. Kommunen skriv at det føreslegne verneområdet er bratt og definert som ikkje drivverdig for skogbruk, og heller blir ikkje råka av hovudplan for skogsvegar i Sogndal.

Kommentar frå Statsforvaltaren

Vi har valt å inkludere innspelet frå kommunen i tilrådinga, og synes det er verdifullt at Sogndal ser Loftesnes som eit godt og aktuelt område for skogvern. I prosessen har vi referert til arealet som del av det svært viktige friluftsområdet, og at det er opning i verneforskrifta for både rydding av stiar og brenning av bål. Stiane på Loftesnesfjellet er utanfor vernegrensa jf. kart, og vernet vil ikkje vere til hinder for oppsetting av benk og utsiktsrydding langs disse stiane. Om det er ønskje for å setje opp ein benk på eit passende utkikkspunkt innanfor grensa vil det eventuelt krevje dispensasjon frå verneforskrifta. Vi har ikkje fanga opp tidlegare i prosessen at området har vore brukt til luftsport. Det har ikkje lukkast oss å få kartfesta denne aktiviteten, men syner til kommunen sitt innspel om at det er utanfor vernegrensa og såleis ikkje noko som kjem i konflikt med forskrifta.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Etablering av Loftesnes naturreservat i Sogndal kommune vil sikre naturmangfaldet i dette området mot fysiske inngrep, jf. naturmangfaldlova § 8. Det har særst positiv betydning for artsmangfaldet her, ettersom fysiske arealinngrep er dokumentert å vere det største trugsmålet mot naturmangfald både globalt og lokalt i Norge.

Ivaretaking og vidare naturleg utvikling av naturmangfaldet i naturreservata vil også kunne fungere som ei kjelde for å styrke populasjonar av plante- og dyreartar utanfor reservatgrensene, jf. naturmangfaldlova § 10 om samla belastning. På den andre sida av Sogndalsfjorden ligg Stedjeberget naturreservat. Her er også sjeldne artar knytt til liggjande ved av gamal, storvakse lind.

Med bakgrunn i at vernet berre vil gje positive effektar på naturmangfaldet, vel vi å ikkje vurdere §§ 8-12 nærare (jf. rettleiar om naturmangfaldlova kap. II 2016).

Statsforvaltaren si tilråding

Statsforvaltaren i Vestland tilrår oppretting av naturreservatet Loftesnes i Sogndal kommune. Vernekart og verneforskrifter ligg ved.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:



- 1 Forskrift om vern av Loftesnes naturreservat - tilråding
- 2 Tilråding_ vernekart over Loftesnes naturreservat,
Sogndal

Kopi til:

| | | | |
|---|---------------------------------|------|------------|
| Fiskeridirektoratet | Postboks 185 Sentrum | 5804 | BERGEN |
| FORSVARSBYGG | Postboks 405 Sentrum | 0103 | OSLO |
| Fortidsminneforeningen | Dronningens gate 11 | 0152 | OSLO |
| Friluftslivets Fellesorganisasjon | Nedre Slottsgate 25 | 0157 | OSLO |
| Havforskningsinstituttet | Postboks 1870 Nordnes | 5817 | BERGEN |
| Høgskulen på Vestlandet | Postboks 7030 | 5020 | BERGEN |
| Luftfartstilsynet | Postboks 243 | 8001 | BODØ |
| Natur og ungdom | Postboks 4783 Sofienberg | 0506 | OSLO |
| Norges Dykkeforbund | Serviceboks 1, Ullevåll Stadion | 0840 | OSLO |
| Norges Miljøvernforbund | Postboks 539 | 5806 | BERGEN |
| Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE | Postboks 5091 Majorstua | 0301 | OSLO |
| Norsk Bonde- og Småbrukarlag | Akersgata 41 | 0158 | OSLO |
| Norsk institutt for naturforskning | Postboks 5685 Torgarden | 7485 | TRONDHEIM |
| Norsk Zoologisk Forening | Boks 102 Blindern | 0314 | OSLO |
| NTNU | Postboks 8905 | 7491 | TRONDHEIM |
| SOGNDAL KOMMUNE | Postboks 153 | 6851 | SOGNDAL |
| Vegdirektoratet | Boks 8142 Dep. | 0033 | OSLO |
| Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard | Postboks 3021 Lade | 7441 | TRONDHEIM |
| Fiskarlaget Vest | Slottsgaten 3 | 5003 | BERGEN |
| Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane | Sognefjordvegen 40 | 6863 | LEIKANGER |
| Naturhistorisk museum | Postboks 1172 Blindern | 0318 | OSLO |
| Norges Geologiske Undersøkelse | Postboks 6315 Torgarden | 7491 | TRONDHEIM |
| Norges Handikapforbund | Postboks 9217 Grønland | 0134 | OSLO |
| Norges Kystfiskarlag | Postboks 97 | 8380 | RAMBERG |
| Norges Orienteringsforbund | Postboks 5000 | 0840 | OSLO |
| Norges Skogeierforbund | Postboks 1438 Vika | 0115 | OSLO |
| Norsk Ornitologisk Forening | Sandgata 30 B | 7012 | TRONDHEIM |
| STATNETT OSLO HOVEDKONTOR | Postboks 4904 Nydalen | 0423 | OSLO |
| KS - Kommunesektorens organisasjon | Postboks 1378 Vika | 0114 | OSLO |
| MYRBAKKEN SEVERIN | SVENDSTU OPPHUS | 2450 | RENA |
| Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet | Postboks 5003 | 1432 | ÅS |
| Norsk Industri | Postboks 7072 Majorstuen | 0306 | OSLO |
| Norsk institutt for bioøkonomi | Postboks 115 | 1431 | ÅS |
| Norsk Sau og Geit | Postboks 104 | 1431 | ÅS |
| Technogarden | Vestfjordgaten 4 | 1338 | SANDVIKA |
| Universitetet i Bergen | Postboks 7800 | 5020 | BERGEN |
| Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet | Postboks 6050 Langnes | 9037 | TROMSØ |
| SYGNIR AS | Røysavegen 1 | 6893 | VIK I SOGN |
| Forsvarsbygg | Postboks 405 Sentrum | 0103 | OSLO |



| | | | |
|--|--|------|-------------|
| Friluftsrådernes Landsforbund | Gamle Drammensvei 203 | 1337 | SANDVIKA |
| LUFTFARTSTILSYNET HOVEDKONTOR | Postboks 243 | 8001 | BODØ |
| Statnett SF | Postboks 4904 Nydalen | 0423 | OSLO |
| Erik Roar Loftesnes | | | |
| Kommunal- og moderniseringsdepartementet | Postboks 8112 Dep | 0032 | OSLO |
| Kystverket | Postboks 1502 | 6025 | ÅLESUND |
| Landbruksdirektoratet | Postboks 1450 Vika | 0116 | OSLO |
| Norsk Botanisk Forening | c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern | 0318 | OSLO |
| NORSKOG | Postboks 123 Lilleaker | 0216 | OSLO |
| SOGNEKRAFT AS | Røysavegen 1 | 6893 | VIK I SOGN |
| Avinor | Postboks 150 | 2061 | GARDERMOEN |
| Det norske skogselskap | | | |
| Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening | Postboks 5471 Majorstuen | 0305 | OSLO |
| Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag | Tverrgt. 4/6 | 5017 | BERGEN |
| LANDBRUKSDIREKTORATET | Postboks 1450 Vika | 0116 | OSLO |
| NHO Reiseliv | Postboks 5465 Majorstuen | 0305 | OSLO |
| Sabima | Mariboegate 8 | 0183 | OSLO |
| SOGNDAL TURLAG | v/ Ove Ellingsen Navarsetevegen 42 | 6856 | SOGNDAL |
| Vest politidistrikt | Postboks 85 | 6901 | FLORØ |
| Vestland fylkeskommune | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |
| Den Norske Turistforening | Youngstorget 1 | 0181 | OSLO |
| Norges Bondelag | Postboks 9354 Grønland | 0135 | OSLO |
| Norges Jeger- og Fiskerforbund | Postboks 94 | 1378 | NESBRU |
| Norges Naturvernforbund | Miljøhuset, Marieboesgate 8 | 0183 | OSLO |
| Norsk Bergindustri | Postboks 7072 Majorstuen | 0306 | OSLO |
| Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS | Postboks 7079 St. Olavs plass | 0130 | OSLO |
| Stadnamntenesta på Vestlandet | Postboks 7805 | 5020 | BERGEN |
| Statens Kartverk | Postboks 600 Sentrum | 3507 | HØNEFOSS |
| Statens vegvesen | Postboks 1010 Nordre Ål | 2605 | LILLEHAMMER |
| WWF Verdens naturfond | postboks 6784 St. Olavs Plass | 0130 | OSLO |
| Norsk Biologforening | Postboks 1066 Blindern | 0316 | OSLO |
| SPRÅKRÅDET | Postboks 1573 Vika | 0118 | OSLO |
| Statkraft SF | Postboks 200 Lilleaker | 0216 | OSLO |